

Detaljregulering Trollebø Nord Kinn kommune

Oppdragsgjevar

Nordfjord Hamn IKS

Oppdrag

Detaljregulering

Rapport type

Planinitiativ

Prosjektnr.

16018

Dato

12.05.21 Revidert 01.12.21

Planinitiativ



1 Opplysningar til kommunen

| | | |
|---|---|----------------------------------|
|  | Prosjektnummer: 16018 | Oppstartsdato: April 2021 |
| Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no | Kundeinformasjon: Nordfjord Havn IKS Sjøgata 16 Pb 104 6701 Måløy post@nordfjordhavn.no | |
| Prosjektleiar: Siri Gausemel | | |
| Medarbeidarar: Birgit Hamre Moe | Sign:  | |

Opplysningar som vert fylt inn i oppstartsmøtet:

| | |
|-------------------|-------------------|
| Plan ID / saksnr. | |
| Sakshandsamar | Janicke Svendal |
| Varslingsavis | Fjordenes Tidende |
| Kraftselskap | Linja AS |
| Namn på brannsjef | Kim Hjelle |

1.1. Forord

Føremålet med planarbeidet er å avklare noko endra arealbruk og trafikkløysing for ein del av industriområdet på Trollebø, i Kinn kommune. Nordfjord Hamn IKS er tiltakshavar, og Selstad AS er ein viktig aktør i planområdet. Planframlegget vert utarbeidd av Nordplan.


1.2. Bakgrunn

Innanfor planområdet vest for Fylkesvegen er ønska bruk allereie etablert. Interessentane i området ynskjer å aktivisere areal på austsida av fylkesvegen og/eller sjå på ei løysing der vegen vert flytta noko austover, slik at det vert skapt meir industriareal på vestsida.

1.3. Planområdet og aktuelle verknader utanfor planområdet

Lokalisering

Planområdet ligg på Trollebø, om lag 1,4 km aust for Måløy, tvers over sundet i luftlinje.




Oversiktskart – Lokalisering vist med orange, på utsnitt henta fra <http://www.fylkesatlas.no/>

Framlegg til plangrense

Det er aktuelt å sjå nærmere på fleire ulike problemstillingar i planarbeidet:

- Avkøyrsle til Selstad sitt industriområde er opparbeidd, men skal avklarast i plan, i den samanheng vert også forholdet til mjuke trafikkantar vurdert, innanfor plangrensa.
- Det er ynskje om å nytte område M1 og M2, langs austsida av Fylkesvegen til utelagring for Selstad. Føremål i gjeldande plan er: kombinert formål massetak og parkering/massetak og serviceområde for fjellhallar, tenkt til parkering og industrilagring. I den samanheng må tilhøvet til gjeldande reguleringsplan avklarast, og tilkomst vert vurdert på nytt.
- Ei strekning av fylkesvegen langs/på gnr/bnr 303/3, 50 og 51 er omarbeidd og det er gjort avklaringar for rassikring og for mjuke trafikkantar (omkring 2015) Det kan vere aktuelt å innarbeide denne strekningen, for at anlegget skal vere heimla i plan.




Illustrasjonen over viser fyrste utkast til planavgrensing, med dei ulike områda som ein vurderte å inkludere i planarbeidet. I tillegg til grunnkartet ligg tekniske teikningar for rassikring, fylkesveg og avkøyrslar i bakgrunnen. Storleiken på dette området kan variere mellom 10,5 og 91 daa.


For å vurdere omfanget av planarbeidet har vi delt opp i ulike soner, sjå illustrasjonen over:

- Mørk gul: Heilt nødvendige avklaringar for avkøyrslle
- Lys gul: stadfesting av etablert bruk (ynskjer Nordfjord Hamn IKS i utgangspunktet ikkje å regulere)
- Rosa: forholdet til gjeldande plan må avklarast, usikkerheit knytt til behov for plan.
- Lilla: for å sikre god sambinding mellom Selstad sine areal på begge sider av Fylkesvegen vert det vurdert om dei to avkøyrslene bør samordnast, i den samanheng kan det vere aktuelt å utvide regulert område noko austover. Det er lagt ei grøn linje i vegen, som viser sambindinga mellom dei to avkøyrslene som det er opna for i dag.

Etter oppstartsmøte og kommunen sin kontroll av plangrensa er det kome tilbakemelding om at kommunen ynskjer eit planområde som overlappar med gjeldande plan frå 2009, slik at denne i praksis vert oppheva og store deler av arealdisponeringa vert tilbakeført til LNF føremål. Revidert plangrense går fram av illustrasjonen under.



Som del av planarbeidet må det utarbeidast ein overordna plan/dokumentasjon for framføring av infrastruktur som veg, vatn, avlaup og straum.



Plangrense for diskusjon, med skredfaresoner indikert (Fylkesatlas)

1.4. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Hovuddelen av planområdet er i dag nytta til, eller regulert til industri-relatert arealbruk og infrastruktur.

Markslagskarta viser skrinne markslagstypar på heile den ubygde delen av området. Sjøområda er allereie nytta til hamn, det er ikkje lagt opp til endringar i sjø. Gjennom planarbeidet vil ein sikre arealbruken med basis i dei kvalitetane som området har i form av lokalisering og etablert infrastruktur. Planen må vise robust og kostnadseffektiv framføring av infrastruktur og som sikrar gode driftsforhold.

1.5. Forhold til gjeldande planverk



Kommuneplan

Gjeldande plan – kommuneplan Trollebø – Saltkjel, datert 02.12.2002. Utsnitt til venstre. Kommunen arbeider med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Moglege konfliktpunkt:

Flytting av veg austover – konflikt med LNF.

Avklaring av korleis ein skal sikre samband for mjuke trafikkantar.

Reguleringsplanar



Nordfjord Hamn IKS - Trollebø
industriområde III
(07.06.2009). (Utsnitt til høgre)
Planen legg til rette for massetak og fjellhallar for lagring.

Avklaring: kan ein gjere ei enkel opparbeidning av arealet og nytte det til utelagring for Selstad sin aktivitet? Forholdet til krav om driftsplan, som ligg i gjeldande plan må avklarast.

Moglege konfliktpunkt: Endra trafikkmønster mellom aust og vest må vurderast nærmere. Ei eventuell utviding/flytting av

Fv 5718 vil medføre redusert areal til kombinert formål M1 til massetak og serviceområde for fjellhallar og M2 massetak og parkering (dei to skråstripete områda i figuren til høgre). Dette vert vurdert i planarbeidet, men det er grunn til å tru at vegen er plassert slik den ligg i lag av omsyn til m.a. skredsituasjonen i området.





Regionale/statlege føringer
Ingen kjende konfliktpunkt.

1.6. Vesentlege interesser som vert påverka

Planframlegget vil ha avgrensa verknad for nærområdet, ettersom tilsvarande aktivitet allereie er etablert. Visuell verknad/landskapsverknad og endra arealbruk vil vere tema som ein kjem kort inn på i planomtalen, men ein ser ikkje at endringane vil ha vesentleg verknad for desse tema. Endringa vil ha noko verknad for trafikkmengd og avvikling på Fv 5718 Ulvesundvegen. Statens vegvesen si handbok N100 vil ligge til grunn for vegløysingar knytt til Fylkesveg. Ein vil gjennom planarbeidet prøve å finne løysingar slik at både utforming og konkrete tiltak i terrenget skal gjerast på ein tilpassa måte, slik at ein reduserer uheldige verknader i arbeidsfasen og slik at området framstår mest mogleg attraktivt i bruk.

Gjennom dette planarbeidet håpar ein å finne løysingar og utformingar som kombinerer god utnytting av areala med ressurs-/kostnadseffektive løysingar.

Historikk

Reguleringsplan for Trollebø, eigengodkjend 20.03.1996.
(Faksimile frå reguleringsplan for Trollebø III til venstre.) Ingen kjende konfliktpunkt.

Endring av reguleringsplan for Trollebø, vedteken 10.06.2004.
(Faksimile frå reguleringsplan for Trollebø III under.) Ingen kjende konfliktpunkt.

1.7. Samfunnssikkerheit

1.7.1. Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar

Potensiell fare er vurdert gjennom eit analyseskjema/sjekkliste, sjå 1.7.2. Sjekklista vert i denne fasen brukt som ei siling, for å identifisere tema som vil få særskilt fokus i det vidare planarbeidet. Førebels utgåve vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet.

Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak vert sidan samanfatta i ein risikomatrise, og det vert laga ei oppsummering som viser identifiserte tiltak, og korleis desse er sikra gjennom plandokumenta. Alle punkt i sjekklista vert vurdert. (Risiko = Sannsyn x Konsekvens). Sjekklista sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no-situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen.

1.7.2. Førebels ROS skjema

| ANALYSE | | | | | | | |
|--|-----------|----------|--------|-------|--------|---|--|
| Uønska hending | Kons. for | Kons. av | Sanns. | Kons. | Risiko | Kommentar/ Tiltak | Kjelde |
| Sjekkliste: | | | | | | | |
| Natur- og miljøforhold | | | | | | | |
| Ras/skred/flom/brann | | | | | | | |
| 1. Steinsprang | J | J | | | | Sikkerheitsklasse er kartlagt. | Skredfarekartlegging Vågsøy kommune, 2017. |
| 2. Masseutgl/ leirkred/jordskre d/flaum- skred/kvikkleire | J | J | | | | Sikkerheitsklasse er kartlagt. | Skredfarekartlegging Vågsøy kommune, 2017. |
| 3. Snøskred | J | J | | | | Sikkerheitsklasse er kartlagt. | Skredfarekartlegging Vågsøy kommune, 2017. |
| 4. Dambrot | N | N | | | | Ikkje relevant | Fylkesatlas |
| 5. Elveflaum/ tidevassflaum/ stormflo | J | J | | | | Havnivå/stormflo vil ha verknad for planområdet, og må utgreiaast nærare. | Fylkesatlas og terringform |
| 6. Overflatevatn/ klimaendr. Nedbørutsett | J | J | | | | Alltid nærmere vurdering i planarbeidet. | Fylkesatlas og terringform |
| 7. Skogbrann (større/farlig) | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 8. Brann/sløkkevatn /tilkomst for brannbil | N | N | | | | Ingen relevante endringar | Kunde |
| Vær, vindeksponering | | | | | | | |
| 9. Vindutsette område(Ekstremv ær, storm og orkan) | N | N | | | | Ikkje meir utsett enn regionen elles. | |

| ANALYSE | | | | | | | |
|---|---|----------|--------|-------|--------|--|---|
| Uønska hending | Kons. før | Kons. av | Sanns. | Kons. | Risiko | Kommentar/ Tiltak | Kjelde |
| Natur- og kulturområder | http://www.miljostatus.no/kart/ | | | | | | |
| 10. Sårbar flora | N | N | | | | Ikkje registreringar i eller ved planområdet som tilseier særskilte omsyn. | |
| 11. Forholdet til naturmangfaldlova | N | J | | | | Skal alltid utgriast | |
| 12. Sårbar fauna /fisk, verneområde og vassdragsområde | N | N | | | | Ikkje særskilte problemstillingar | Miljøstatus Norge. |
| 13. Forminne (Automatisk freda) | N | N | | | | Ikkje relevant | Fylkesatlas |
| 14. Kulturminne/-miljø | N | N | | | | Signal frå sist annonsering om at kulturavd. vil vurdere ein del av området – avventar nærmare tilbakemelding på omfang, ettersom avgrensinga no berre omfattar område som er omdisponerte gjennom gjeldande plan. | Fylkesatlas |
| 15. Grunnvass-stand | N | N | | | | Svært tynt jorddekke i området og stor halling. | |
| Menneskeskapte forhold | | | | | | | |
| Risikofylt industri mm. | | | | | | | |
| 16. Kjemikalie/petroleum/eksplosiv (kjemikalieutsl. på land og sjø) | N | N | | | | Ikkje relevant | Lokalisering og bruk |
| 17. Avfall (ulovleg plassering/deponering/spredning farlig avfall) | N | N | | | | Ikkje relevant | Lokalisering – kjend historikk på arealbruken |
| Strategiske område | | | | | | | |
| 18. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 19. Forsyning kraft/elektrisitet | N | N | | | | Ikkje relevant | |

| ANALYSE | | | | | | | |
|---|------------------|-----------------|---------------|--------------|---------------|--|--|
| Uønska hending | Kons. før | Kons. av | Sanns. | Kons. | Risiko | Kommentar/ Tiltak | Kjelde |
| (Samanbrot i kraftforsyning) | | | | | | | |
| 20. Svikt i fjernvarme | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 21. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassf.) | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 22. Avlaup-systemet (Svikt eller brot) | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 23. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon (eller trugsmål om) | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 24. Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot) | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 25. Brann (med større konsekvensar) | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 26. Samanrasing av bygning/ konstruksjonar | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| Andre ureiningskjelder | | | | | | | |
| 27. Bustadureining | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 28. Landbruksureinin g | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 29. Akutt ureining | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 30. Støv og støy; industri | N | J | | | | Støy i samband med opparbeiding av lagerområde kan vere eit tema dette vert vurdert nærmare i planarbeidet. | |
| 31. Støv og støy; trafikk | N | N | | | | Støysone langs riksveg vil ikkje kome i konflikt med ønska utbygging. | |
| 32. Støy; andre kjelder | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 33. Ureining i sjø/vassdrag | N | N | | | | Ikkje relevant – minimale endringar i frå situasjonen i dag | |
| 34. Ureining i grunn | N | N | | | | Ikkje registrert område med mistanke om ureina grunn. | Fylkesatlas og kjennskap til bruken av området |

| ANALYSE | | | | | | | |
|---|-----------|----------|--------|-------|--------|--|--|
| Uønska hending | Kons. før | Kons. av | Sanns. | Kons. | Risiko | Kommentar/ Tiltak | Kjelde |
| 35. Radongass | N | N | | | | Moderat aksemd registrert i radonkart, forholdet til radon vert sikra gjennom TEK. | http://geo.ngu.no/ka rt/radon/ |
| 36. Høgspentline | N | J | | | | Forholdet til linjenettet vert avklara nærmere gjennom ordinær plan prosess | |
| Trafikktryggleik | | | | | | | |
| 37. Ulykke med farlig gods | N | N | | | | Ikkje relevant | |
| 38. Ulukke ved inn,- og utkøyring. | N | ? | | | | Vert vurdert | |
| 39. Ulukke med gående/syklande | N | N | | | | Liten lokaltrafikk. | |
| 40. Vær/føre avgrensar tilkomst til området | N | N | | | | | |

1.7.3. Skredfare

Deler av området er omfatta av faresoner for skred. I den grad det vert aktuelt å gjere tiltak som ikkje er i samsvar med kjend sikkerheitsklasse, vil ein innhente fagleg bistand for å identifisere nødvendige sikringstiltak. I denne saka kan det ev. vere aktuelt å vurdere ein mindre del av fylkesvegen.

1.7.4. Overflatevatn

Store og relativt flate areal kan vere utsette for overfløyming ved store nedbørsmengder, spesielt med fast dekke. Som ein del av planarbeidet vert det gjort overordna vurderingar for å sikre tilfredsstillande løysingar for overflatevatn. Dette vert levert av Nordplan gjennom datterselskapet Fjordvarme.

1.7.5. Naturmangfaldlov

Det vert gjort ei vurdering av forholdet til naturmangfaldlova som del av utgreiingane i planomtalen.

1.7.6. Kulturminne

Ved fyrste varsel om oppstart mottok vi signal om det kan vere aktuelt med arkeologiske registreringar på deler av området. Ved denne annonseringa er omfanget av planen vesentleg redusert, hovuddelen av planområdet er allereie omdisponert gjennom gjeldande planar. Ein forventar tilbakemelding på kvar det er aktuelt, og det kan vere rom for å utelukke mindre areal frå planområdet dersom dette medfører store kostnader/konflikpunkt.

1.7.7. Høgspent

Det går ein høgspenttrasé gjennom området og det vil vere viktig å sikre forholdet til denne, både i anleggsfasen og med tanke på utforming av tiltak. Eitt punkt lengst nord kan vere i konflikt med utvida areal for Fv 5718.

1.7.8. Konklusjon

Med føresetnad om at forholda nemnde i 1.7.3 til 1.7.7 vert utgreidd og at ein legg inn føringar for å sikre desse omsyna er det ikkje indikasjonar for at den planlagde utviklinga vil medføre auka risiko for fare i området. Ut over skredfare, som er nærmere utgreidd, er det ikkje identifisert tema som vil krevje eksterne fagrapportar.

1.8. Varslingspartar

Offentlege høyringsinstansar:

| Namn | E-post |
|---|--|
| Statsforvaltaren i Vestland | svlp@statsforvalteren.no |
| Vestland fylkeskommune | post@vlfk.no |
| NVE Region Vest | rv@nve.no |
| Statens Vegvesen (Region Vest) | firma@vegvesen.no |
| Linja AS | kundesenter@linja.no |
| Fiskeridirektoratet Region Vest | Postmottak@fiskeridir.no |
| Kystverket Region Vest plan og kystforvaltinga | post@kystverket.no |
| Sogn og Fjordane Fiskarlag | sognogfjordane@fiskarlaget.no |
| Nordfjord fiskarlag v/Njål Årsheim | njaalaarsh@hotmail.com |
| Kinn kommune | |

Ut over dette legg vi til grunn at kommunen internt distribuerer til relevante representantar i organisasjonen og til sine utvalsrepresentantar i den grad dei finn det relevant. (Som t.d. driftsavdeling, barnerepresentant, eldreråd, råd for likestilling av funksjonshemma, ungdomsråd etc.)

Private høyringspartar:

| Namn Ref nabolistefrå e-torg 26.11.21 | Gnr/bnr |
|---|--|
| Eva Emdal, Linda Emdal, Perny Emdal, Siv Olaug Emdal, Tove Mette Emdal, Karin L Kragset Trollebø, Anne Elisebet Trollebø, Atle Olav Trollebø, Egil Jonny Trollebø, Erling Johan Trollebø, Magnus Trollebø, Ragnhild Tømmernes | 303/1 |
| Markvard Trollebø | 303/2 |
| Nordfjord Havn Iks (Tiltakshavar) | 303/3 |
| Egil Jonny Trollebø | 303/8 |
| Pelagia AS | 303/32, 47, 48, 49, 52, 59, 61 og 304/6, 112 |
| Tordis Oline Emdal, Anne Elisebet Trollebø, Atle Olav Trollebø, Egil Jonny Trollebø, Erling Johan Trollebø, Magnus Trollebø, Ragnhild Tømmernes | 303/40 |
| Kinn kommune, Pelagia AS (festar) | 303/50 |

| | |
|------------------------|----------------------|
| Vestland Fylkeskommune | 303/51 og 304/124 |
| Kinn kommune | 303/56, 57 og 304/95 |
| Selstad Holding AS | 303/60, 62 |
| Geir Sandal AS | 304/1 |
| Ludmila V. Høydal | 304/2 |

1.9. Medverknad

Naboar som tiltaket vedkjem direkte vert informerte gjennom varslingsbrev og planinitiativ. Samarbeidet med offentlege instansar vil primært skje gjennom dialog og innspel i samband med høyringar.

Det er elles ikkje lagt opp til særskilte tiltak for medverknad, ut over ordinær planprosess.

1.10. Vurdering etter Forskrift om konsekvensutredninger

Vi har gjennomgått Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan og bygningsloven §§ 6, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017, endra 01.11.21).

§ 6. *Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding*

Vedlegg I: Kjem ikkje i spel her.

§8. *Planer og tiltak som skal konsekvensutredes viss de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn.*

a) *Reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II.* (Unntak dersom konsekvensutgreidd tidlegare)

Vedlegg II kjem ikkje i spel her. Med sikte på å identifisere eventuelle tema som vil krevje nærmere utgreiing er §10 i forskriften gjennomgått under:

| |
|--|
| a) Storleik, planområde og utforming |
| Planområdet er på totalt 503 daa. |
| b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar |
| Ikkje KU-tema |
| c) Avfallsproduksjon og utslepp |
| Ikkje KU tema. |
| d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer |
| Dette skal utgjera gjennom ROS og ordinær planomtale og ein kjenner ikkje til problemstillingar som er aktuelle for konsekvensutgreiing. |

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane (tredje ledd).

Punkt i grå skrift er vurdert som ikkje relevante for konsekvensutgreiing, punkt i svart skrift er område som ein tenkjer at det vil vere viktig å ha særskilt fokus på i planarbeidet:

| | |
|----|---|
| a) | <ul style="list-style-type: none"> ■ verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11 ■ utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI) ■ prioriterte artar |
|----|---|

| | |
|----|---|
| | <ul style="list-style-type: none"> ▪ verna vassdrag, går gjennom planområdet – planlagde tiltak ligg innfor 100m beltet langs vassdraget – dette vert omtala nærmere i planarbeidet. ▪ nasjonale laksefjordar og laksevassdrag ? ▪ objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova |
| b) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ truga artar eller naturtypar ▪ verdifulle landskap ▪ verdifulle kulturminne og kulturmiljø ▪ nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar ▪ område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift ▪ område som er særleg viktig for friluftsliv |
| c) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ statlege planretningsliner ▪ statlege planføreresegner eller regionale planføreresegner |
| d) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsformål eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemnd. |
| e) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride |
| f) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining |
| g) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp |
| h) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum |

Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av dei opplysingane som ligg føre, dvs. vår informasjon og den kunnskapen som offentlege interesseorgan har gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale.

Ein står dermed med følgande aktuelle utgreiingstema:

Alltid:

- ROS-analyse
- Naturmangfald

I tillegg:

- Ingen relevante tema

Det er foreløpig ikkje indikasjonar for at ein vil innhente ekstern fagkompetanse på fleire tema.

Førerels standpunkt:

Med bakgrunn i dette kapittelet og gjennomgangen frå oppstartsmøtet legg ein opp til å skildre verknaden av planen som del av planomtalen og vurdere dei aktuelle tema som ein del av ein grundig planomtale og ROS-analyse.